

# VELKOMEN SOM KONFIRMANT 2024-2025!

No er det dykk som er fødde i 2010 sin tur til å vere konfirmantar.

Kyrkjene i Vik kommune inviterar dykk til å ta del i konfirmantopplegg hausten 2023 og våren 2024.

Dette brevet vert sendt til dykk som er døypte og står i kyrkja sitt medlemsregister. Ein kan vere med i kyrkja sitt opplegg for konfirmasjonstida sjølv om ein ikkje er døypt.

Denne invitasjonen finn de òg digitalt på våre heimesider.

## Påmelding til konfirmasjon

I år skjer denne digitalt via skjema på heimesida vår:

<https://vik.kyrkja.no/Kyrkjelege-handlingar/Konfirmasjon>

(For å finne påmeldingsskjema: Vik.kyrkja.no – Fane «Kyrkjelege handlingar» - Trykk på bilete av konfirmantar – knapp «konfirmantpåmelding».)

Snarleg påmelding!

## Informasjonsmøte for konfirmant og foreldre

Vi ynskjer å invitera til eit informasjonsmøte for konfirmantar og foreldre/føresette

**Onsdag 4.september kl. 19.00**

## Undervisning

Undervisninga vil i all hovudsak vere på Kyrkjestova i Vik, på torsdagar gjennom hausten og våren. Plan for undervisning sendast ut før oppstart av undervisning i haust, men vert ca. annan kvar veke.

Undervisningstid frå 14.30 – 16.00. Vi byrjar med å ete i lag.

Det vert ordna transport for elevar ved skulen i Feios til undervisninga ved behov.

Heimatt må foreldre ordna skyss.

Det vert òg nokre helgesamlingar gjennom konfirmantåret.

Vi startar med ei samling for å bli kjent **laurdag 14.september kl. 12.00-16.00** på Kyrkjestova i Vik.

### Deltaking på gudstenester

Som en del av opplegget skal konfirmantane vere med på 8 gudstenester i løpet av konfirmantida. Til å byrje med bed vi de merker dykk dato for gudstenester med presentasjon av konfirmantane i sine soknekyrkjer:

VIK: 8.september kl. 11

VANGSNES: 15.september kl. 11

ARNAFJORD: 22.september kl. 16

FRESVIK: 13.oktober kl. 11

Det kjem meir informasjon om vidare gudstenestedeltaking etter oppstart av konfirmantundervisninga.

### Konfirmasjonsdatoar våren 2025:

VIK: 3.mai kl. 11.00 og 31.mai kl. 11.00

VANGSNES: 31.mai kl. 14.00

ARNAFJORD: 3.mai kl. 14.00

FEIOS: 10.mai kl. 14.00

FRESVIK: 10.mai kl. 11.00

Endringar kan førekomme.

### Betaling:

Konfirmantavgifta er på kr. 1500. Den betalast til kontonummer: 3800.16.07275 (merk innbetalinga «konfirmantkontingent»)

I denne summen er det mellom anna mat på samlingane og materiell til bruk i undervisninga.

### Ved spørsmål eller liknande - kontakt ansvarleg for konfirmantane:

Sokneprest Karen Helene Bøhn Melhus

[karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no](mailto:karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no)

tlf. 46 88 99 80